

Seglingsvedtekter for Kretsmesterskap for Tur&Hav 2008

Byfjorden laurdag 18. oktober 2008

Arrangørar: BSI/Seiling, Sjøkrigsskolens Seilforening, Tur&Hav-utvalet Hordaland Seilkrets

1. Reglar

Regattaen vil vere underlagd reglane slik dei er definert i Kappseglingsreglane, NSF sine tryggleiksreglar for tur og havseglarar og HSK sine reglar for kretsmeisterskap.

2. Tryggleik, ansvar og kommunikasjon

Regattaen vil bli arrangert etter tryggleikskategori 6.

Det er ein ufråvikeleg føresetnad at arrangøren eller nokon av foreininga sine funksjonærar, ikkje kan gjerast ansvarleg for nokon skade som rammar person eller eigedom under, eller i samband med kappseglasen.

Skipper på kvar enkelt båt har aleine ansvar for å avgjere om båten skal starte eller ikkje, eller om han skal halde fram med å kappsegle eller ikkje.

Det vert tilrådd på det sterkaste å bruke redningsvest eller anna personleg flyteplagg under kappseglasen.

Regattasjef distanseseglas:

Steinar Kålås

99 58 19 73

Regattasjef baneseglas:

Kjell Magnus Økland

95 04 67 39

Under seglasen vil regattasjef vera tilgjengeleg på VHF:

kanal 9

3. Endringar av seglingsvedtektene

Eventuelle endringar i seglingsvedtektene vert vist ved at komitébåt fører signalflegg L. Evt. endringar vert levert ut skriftleg til alle båtar.



4. Målebrev

Båtar skal ha gyldig NORLYS-målebrev for å kunne starte (RRS 78.1).

NORLYS sine reglar om vektavgrensing gjeld ikkje.

Dersom regattaleiinga før start er kjend med at påmeldt båt ikkje har gyldig LYS-målebrev, vil båten bli diskvalifisert utan høyring. Dette endrar regel 63.1 og 78.2.

Regattastyret kan utføra kontroll av deltakande båtar sine LYS-bevis.

5. Tidsprogram, klassar og klasseflagg

Første varselsignal vert gitt kl. 11.00.

Klasseinndeling, klasseflagg og starttrekkjefylgje vil framgå av deltakarlista som vert publisert på www.kmturhav.com seinast fredag 17. oktober klokka 1200.

5.1 Distanseseglas

Det vil bli segla eit løp.

5.2 Baneseglas

Det vil bli segla inntil fire løp på pølsebane.

Det vert ikkje gjeve varselsignal etter klokka 15:30.

6. Baneområde, løp og merker


6.1 Distanseseglas

Distanseseglasen går føre seg i Byfjorden. Samlingstad aust for Bakarvågen på Askøy. Komitébåt fører signalflagg V. Løpsalternativ, merker og start-/mållinje er skildra i vedlegg 1.



6.2 Baneseglas

Baneseglasen går føre seg i sørlege del av Byfjorden. Samlingstad vest for Nordnespynten. Komitébåt fører signalflagg W. Prinsippskisse for banen i vedlegg 2.



6.3 Merker

Merker og start-/mållinje for distanseseglas er skildra i vedlegg 1.

Merker og start-/mållinje for baneseglas er skildra i vedlegg 2.

7. Maksimaltid

7.1 Distanseseglas

Maksimaltid for distanseseglasen er klokka 17:00. Båtar som ikkje går i mål innan dette klokkeslettet vert notert som DNF. Dette endrar reglane 35 og A4.

7.2 Baneseglas

Maksimaltid for kvar baneseglas er 2 timar for fyrste båt i kvar klasse. Båtar som ikkje går i mål innan 45 minutt etter den fyrste båten i sin klasse vert notert som DNF. Dette endrar reglane 35 og A4.

8. Poengsystem på baneseilas

Lavpoengsystemet i Appendiks A vil bli nytta. Tid vert korrigert etter systemet "Tid på tid" i LYS.

9. Protestar

Fristen for å protestere er 30 minutt etter at komitébåten for den aktuelle banetypen er komen til Shetlands-Larsens-brygge etter siste seglas for dagen.

Protestar skal leverast komitébåten skriftleg.

Meldingar om innkomne protestar vert slått opp på tavle ved komitébåt tilliks med informasjon om kvar høyring vil gå føre seg.

10. Premiering

Skipper og mannskap på dei tre beste båtane i kvar klasse får Hordaland Seilkrets sine medaljer i gull, sølv og bronse. Premieutdeling finn stad inne på Zachariasbryggen så snart som råd etter seglasane.

God seglas!

Vedlegg 1:

KM Tur&Hav 2008 – Distanseseglas

Start og mållinje

Start og mållinje vil vere siktelinja mellom to oransje kuleforma bøyer.

Merker

Dei faste merka ligg plassert på følgjande stader:

Merke 1: Oransje bøye plassert om lag 300 meter til lo for startlinja

Merke 2: Oransje bøye vest for Danmarksneset

Merke 3: Oransje bøye nord for Straumsnesholmane

Merke 4: Oransje bøye aust for Galteneset (sør på Holsnøy)

Merke 5: Oransje bøye søraust for Øyarodden

Merke 6: Oransje bøye på Sandviksflaket

Løpsalternativ

Løp 1: Start – 1 sb – 2 bb – 3 bb – 1 bb – 2 bb – 3 bb – Mål (ca 12 nm)

Løp 2: Start – 1 sb – 5 bb – 4 sb – 2 sb – 4 bb – 5 bb – 6 sb – Mål (ca 18 nm)

Løp 3: Start – 1 sb – 5 bb – 4 sb – 2 sb – 4 bb – 2 sb – 3 bb – 5 bb – 6 sb – Mål (ca 24 nm)

Løp 4: Start – 1 bb – 6 sb – 5 sb – 6 sb – 5 sb – 1 sb – 6 sb – Mål (ca 13 nm)

Løp 5: Start – 1 sb – 3 sb – 2 sb – 3 sb – 2 sb – 3 bb – 5 bb – 6 bb – 5 sb – 1 sb – 6 sb – Mål (ca 18 nm)

Løp 6: Start – 1 bb – 2 bb – 3 bb – 1 bb – 2 bb – 1 bb – 5 bb – 6 sb – mål (ca 13 nm)


Løp 7: Start – 1 bb – 4 bb – 3 bb – 2 sb – 5 bb – 3 sb – 5 bb – 6 sb – mål (ca. 22 nm)

Løp 8: Start – 1 bb – 3 sb – 2 sb – 3 bb – 5 bb – 6 sb – mål (ca. 12 nm)

Løpsalternativet vil bli vist med nummerskilt frå komitébåten, seinast ved varselsignal.

Sjå kartskisse for plassering av merka, seglasen går føre seg i området dekt av sjøkart 23.

Kartskisse over Byfjorden som viser ca. plassering av merker




Utsnitt av sjøkart nr. 23

Vedlegg 2:

KM Tur&Hav 2008 – baneseglas

Prinsippskisse for pølsebane:



Baneseglas: Start – 1 bb – 2 bb – 1 bb – Mål

Merke 1 og 2 er raude sylinderforma bøyer. Avgrensingsmerket for startlinja er gul sylinderforma bøye.